

Innspel til høyring om Forslag til forskrift om undervisnings- og forskerstillinger og rekrutteringsstillinger

Det språkpolitiske utvalet ved UiA har innspel til forslaget om språkkrav til midlertidig tilsette og faste tilsette. Vi vel å dele innspela slik:

Språkkrav til midlertidig tilsette: Vi er veldig einige i at midlertidig tilsette skal få tilbod om språkopplæring, men ikkje einige i at det skal vere eit krav om å gjennomføre tilsvarande 15 stp i norsk i løpet av tilsetjingsperioden.

Midlertidig tilsette har høge krav til det dei skal oppnå i løpet av tilsetjingsperioden. Av respekt for arbeidet det krev å lære seg eit språk, meiner vi at det er eit urimeleg krav at midlertidig tilsette skal setje av tid tilsvarande 15 stp. Dette vil ha lite praktisk å seie, og det vil ha ein for høg kostnad for dei midlertidig tilsette. Derimot bør dei få rikeleg tilbod om norskopplæring, på samfunnsnivå fordi det er ein fordel for utviklinga og vedlikehaldet av eit norsk fagspråk, og på individnivå fordi norskkunnskapar vil vere eit pre dersom dei ønsker å bli i Noreg etter tilsetjingsperioden.

Krav om å lære seg norsk på B2-nivå i løpet av tre år for fast vitenskapleg tilsette: Institusjonane har i lita grad vist seg i stand til å tilby tilstrekkelege norskkurs. Også innanfor same institusjon ser ein at institutt og fakultet gir ulikt gode tilbod, der somme gir tid til å lære seg norsk, gode kurstilbod og tilbod om oppfølging, mens andre ikkje tilbyr det same. Vi støttar kravet om ferdigheitar tilsvarande B2 i løpet av tre år, men ein heilt klar føresetnad er at dei tilsette får eit godt kurstilbod, forutsigbare kursrekker, rom i arbeidstida og oppfølging frå leiinga.